

## **SPERREFRIST 25.NOVEMBER KL 12.00**

### **Fakta: Jean-Luc Marion (f. 1946)**

Jean-Luc Marion er ein fransk filosof og teolog som sit som ein av dei udøyelege i Académie française. Han er professor emeritus ved Sorbonne og universitetet i Chicago, og tidlegare student av Jacques Derrida.

Marion blir sett på som ein av dei største nolevande tenkjarane i Europa og har gitt ut ei rekke bøker, fleire av dei kjende filosofiske verk. Han har også vunne fleire prisar, mellom anna den italienske Premio Joseph Ratzinger fra Fondazione Vaticana Joseph Ratzinger – Benedetto XVI (2021) og den tyske Karl Jaspers-prisen (2008).

Marion er framleis aktiv og kom nyleg ut med boka *Revelation Comes From Elsewhere* (2024). Mange omtalar denne som meisterverket hans. Le Monde skreiv dette om boka tidlegare i år: «I den moderne filosofiverda utmerkjer Jean-Luc Marion seg som ein av dei store arvtakarane til den vestlege religiøse tanken. Ei oppsummering av denne rolla kan ein finne i den gjennomført teologiske tilnærminga som pregar den nye boka hans.»

*Sjå elles den vedlagde komplette CV-en.*

### **Kvifor har vi valt Marion?**

Marion er ein av dei største nolevande tenkjarane i Europa. Han har skrive om visuell kunst og har eit nært forhold til litteraturen. Som teolog og filosof kan han sjå litteraturen frå ein unik ståstad, og dette samsvarar med Fosseforedragets mål om å setje tenkinga i sentrum og utforske litteraturen frå ulike perspektiv og stemmer.

Vi trur Jean-Luc Marion kan vekkle ei intellektuell nysgjerrigkeit og tilby nye idear og tilnærmingar som kan gjere forståinga av litteratur i dag rikare.

### **Kva skal Marion snakke om?**

Foredraget er spesialskrive for dette høvet og vil bli halde for første gong 24. april 2025. Marion vil snakke om litteraturen frå sitt perspektiv.

### **Bli betre kjend med Jean-Luc Marion**

[An Introduction to Jean-Luc Marion and His Thought \(youtube.com\)](#)

[Jean-Luc Marion on the Question of God's Existence 🎙️ #philosophy \(youtube.com\)](#)

[Jean-Luc Marion and Donald Wallenfang on the Logic of Love \(youtube.com\)](#)

[The Aporia of Revelation: The Epistemological Interpretation \(youtube.com\)](#)

[Jean-Luc Marion: "C'est l'inoubliable qui nous fait" \(youtube.com, på fransk\)](#)

### **Leseliste**

*God Without Being* (1991, 2012)

*Being Given* (2002)

*The Erotic Phenomenon* (2006)

*Revelation Comes from Elsewhere* (2024)